



## Regional planleggingsdag for skulane, PPT og samarbeidspartar torsdag 17.august 2023 - digital samling

**Deltakarar:** Alle tilsette ved skulane i Sogn, PPT og andre samarbeidspartar

**Kvar:** Einingane organiserer for felles digitalt føredrag og refleksjonsoppgåver i grupper som etterarbeid. Møtelenkje i Zoom vert sendt til rektorane, PPT-leiarar og andre sentrale aktørar seinast 16.august. Fint om de loggar inn minst 10 minuttar før føredraget startar.

**08:30- 11:15: Digitalt føredrag «Tiltak mot vald og aggresjon i skulen» v/ Ole Greger Lillevik.**

Etter føredraget jobbar me med Ole sine refleksjonsoppgåver i grupper på eigen arbeidsplass, ca. 1,5- 2 timar. Skuleleiinga eller andre leiarar styrer denne økta lokalt. Resten av dagen kan nyttast til lokalt arbeid på skulen/ i kommunen.

### Tiltak mot vald og aggresjon i skulen

Tema for dagen vil bli:

- Vald og aggresjon som fenomen
- Avmakt som grunnleggande forståingsramme
- Kven er eg i møte med den andre, og korleis påverkar eg relasjon?
- Nedtrappande samhandling og konfliktdempande kommunikasjon

De får tilgang på all presentasjon rett etter føredraget.



#### Føredragshaldar

**Ole Greger Lillevik** er forfattar og dosent ved Norges arktiske universitet UiT Narvik. Han har bakgrunn som psykiatrisk sjukepleiar, og har arbeida med forskning og undervisning sidan 2001. I 2009 vart han tilsett ved *Regionalt ressurscenter om vold og traumatisk stress ved Universitetssykehuset i Nord-Norge (RVTS Nord)*. Lillevik har i si forskning vore oppteken av utfordringar som oppstår når tilsette blir utsett for truslar om vald eller vald frå dei som ein jobbar med; elevar, brukarar, klientar eller pasientar. Han har vore ein sentral bidragsytar i bøker som «Miljøterapeutisk arbeid i møte med vold og aggresjon» (Gyldendal Akademisk), «Miljøterapi i barnevernsinstitusjoner» (fagbokforlaget), «Tiltak mot vold og aggresjon i skolen» (PedLex), «Vold mot barn» (Gyldendal) og «Vold i nære relasjoner» (Gyldendal Akademisk). Han er ein mykje brukt føredragshaldar og har halde ei rekke kurs i temaområdet for skular over heile landet. I 2014 vart han tildelt formidlingsprisen ved Høyskolen i Narvik (no UiT).

## Informasjon om samlinga

Velkommen til regional planleggingsdag i regi av prosjektet «System for styrka læring» ved Sogn regionråd, **torsdag 17.august kl 08:30- 11:15**. Den digitale samlinga finn du i **ZOOM**. Møtelenkje vert sendt ut til leiarane seinast dagen før samlinga.

Føredraget vert finansiert av regionale midlar, mellom anna gjennom det statlege tiltaket «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Skular, barnehagar, PPT og andre samarbeidspartar har gjennom kompetanseløftet einast om at vårt viktigaste regionale satsingsområde dei næraste åra skal vere sosio-emosjonelle vanskar (åtferdsvanskar). Føredraget med Ole Greger Lillevik er eitt av tiltaka for å oppnå kompetanseheving på dette området.

Me håpar de opplever føredraget som nyttig og lærerikt, og at det gir rom for refleksjon og gode diskusjonar i etterkant. Det er svært viktig at det vert sett av tid til gruppearbeid lokalt for å fordjupe seg i tematikken, slik at det ikkje berre vert «ein happening» men snarare eit grunnlag for vidare arbeid med temaet. Me ynskjer dykk ei god digital læringsøkt saman med kollegaer frå heile Sogn!

Med helsing

Ingrid Steine Bortne  
Programleiar barnehage- og skuleutvikling  
Sogn Regionråd  
Tlf 48 25 03 06  
[Fagnettverk i Sogn – Sogn regionråd](#)

